

Årsmelding Vestre Slidre Historielag for 2024

Styret Leiar:Ingebjørg Moe, Nestleiar:Ola Jørgen Fauske, Kasserar:Anna Kristine Hodne, Skrivar:Eivind Brenna, Styremedlemmer:Odd Kolbjørnshus, Kari Johme, Gullik Stee, Per Olav Eide.

Turnemd:Finn Helge Lyster og Elisabeth R. Dahl,
Revisor:Gunnar Hamre

Valnemd:Ole Rosendal, Aslag Hamre, Øyvind M Berge

Styremøter Vi har hatt sju styremøter, der vi har handsama 37 saker
Møtestad stort sett, Kulturkafeen Slidre

Årsmøtet var 06.03.2024 på Kulturkafeen I tillegg til styret var det 15 tilstades Utanom vanlege årsmøtesaker held Marit Anny Løken eit interessant foredrag om kyrkjetekstilar i Valdres frå det fantastiske arbeidet ho hadde lagt ned til 1000års jubileet, som munna ut i flott utstilling i Blåsalen i prestegarden 29. juli 2023

Vi fekk til gjevande ein perm der det meste var samla.

Så var det Kim og Martin, våre unge, gode toraderspelarar, som underheld oss med både sprudlande dansespel og vakkert lyarlete.

Årsmelding og rekneskap godkjent Det vart gjort vedtak på å gje Slidredomboka som gåve til konfirmantane Årsmøtet fekk servert kaffi og god kringle frå Laila

Sametuftene

I desember 2023 fekk vi oppdraget om å samarbeide med Sametinget om og gjera Sametuftene på Rensenn meir tilgjengelege. Vestre Slidre kommune, Fylkeskommunen, Fjellstyret og Historielaget fekk i oppdrag å betre parkering, skaffe bord og krakkar og tilrettelegge for bål plass, tilrettelegging av stigar og oppsetting og tinging av skilt. Historielaget sitt ansvar var bord og krakkar, bål plass, tekst til nye skilt og få dei på plass. Fylkeskommunen utarbeidde skilt. Kommunen og Fjellstyret stod for parkering og elles forefallande. Søndag 8. september var det offisiell opning. Fyrst Rensenn i ganske fint ver, og etterpå middag og mange gode ord på Brennabu. Representantar frå Riksantikvaren, Sametinget, Fylkeskommunen og Vestre Slidre kommune var tilstades Elles møtte det opp eit stort interessert publikum frå hytteigarar, stølsfolk, bygdefolk, presse og elles frå heile Valdres. 80-90 både ute på Rensenn og sidan inne på Brennabu. Moro !!

Årsmøtet Valdres historielag var i år i Vestre Slidre laurdag 24. mai. Utsendingane møtte ved Slidredomen og derifrå til Ingrid og Jon Hjellev sitt museum. Mykje å sjå på. Vi kjende oss stolte !!

Etterpå til Fystro kyrkjetomt der Øyvind MB fortalde litt av historia.

Då var ikkje vegen lang til Røn gamle skule, der årsmøtet og Spelstykket om Kjørstaddrapet med Cato Skimten Storengen og Henning Andersen vart spelt Tilrettelagt av Alice Gudheim. Den gamle skulesalen var tett pakka - det gjekk så bra.

På årsmøtet og mykje folk, 30- 40. Alle fekk pizza steikt i friluft og Tiramisu.

Fystrokyrkjemesse var 07. juli Det regna, så messa vart på Røn gamle skule Denne gongen med Røn sokneråd/ Historielaget.

Historielaget har planer om å få opp ei ifotavle ved kyrkjestaden.

Den lange turen gjekk i år til Ålesund 2. - 4. sept. med 45 deltakarar.

Lokalhistorisk tur for skuleklasse. Historielaget har i år som mange år før, invitert 8. klasse på Vestre Slidre skule til Historietur med buss og Jahn Børe som guide Slidre skule har teke denne kulturturen inn i årsplana si.

Vi betalar bussen og litt til Jahn Børe

Sumarope i Slidredomen 26. juni tom 10. august. Medlemmer av historielaget, pensjonistlaget og Sanitetsforeininga var vakter to dagar i veka. God tilbakemelding.

Tunet i Plassen Historielaget er gjerne med på dugnadsarbeid for Gamlestogo.

Prestegarden Brev sendt 5,12.2024 til Opplysningsvesnets fond med førespurnad om kva prestegarden skal brukast til.

Friluftlivets år 2025 Skilting og oppgradering av Hamrissløtet og Olberg til sumaren som våre bidrag

Medlemmer I 2024 var vi 60 medlemmer i Vestre Slidre historielag

Takk for godt samarbeid i året som gjekk. Eg ser fram til oppgåvene i 2025

Viken, 03.03. 2025 - Ingebjørg Moe, leiar